

Styret kan velja eit arbeidsutval som førebur saker for styret og fatte vedtak etter nærare delegering frå styret, og nedsette utval som ivaretek nærare avgrensa oppgåver som lønsutval, utval for konkrete prosjekt og liknande.

Det skal førast protokoll frå styremøta som m.a. vert sendt deltakarkommunane.

§ 7 SAMARBEIDSGRUPPE

Samarbeidsgruppa utgjer 1 medlem frå kvar kommuneadministrasjon, utpeika av den einskilde kommune. Medlemene bør representera den eller dei einingar som arbeider med friluftsliv i den einskilde kommune. Frilufsorganisasjonar og andre relevante samarbeidspartar kan også verta tilbydd plass i samarbeidsgruppa.

Samarbeidsgruppa handsamar saker av praktisk- og administrativ karakter, og er eit forum for samordning og erfaringsutveksling. Samarbeidsgruppa kan førebu saker for styret.

§ 8 ØKONOMI

Friluftrådet er eit eige rettssubjekt som fører eigen rekneskap.

Deltakarkommunane skal betala eit årleg tilskot til Friluftrådet (kontingent). Storleiken på tilskotet vert fastsett av årsmøtet som ein årleg grunnkontingent og ein sum per innbyggjar i deltakarkommunane. Samla tilskot(kontingent) vert indeksregulert årleg med kommunal deflator. Årsmøtevedtak om tilskotsauke som avvik frå dette, må verta godkjent av deltakarkommunane.

Friluftrådet har mynde til å ta opp lån og pantsette eigedom og verdiar etter vedtak på årsmøte eller etter ekstraordinært årsmøte.

§ 9 VEDTEKSENDRINGAR

Endring av vedtektene kan berre gjerast på Årsmøte eller Ekstraordinært årsmøte. Endring av vedtektene krev 2/3 fleirtal. Opptak av nye medlemskommunar etter § 1 skal også godkjennast av deltakarkommunane.

§ 10 UTMELDING OG OPPLØSNING

Den einskilde deltakarkommune kan med skriftleg varsel tre ut av Friluftrådet frå 1.1. året etter at eit varsel om utmelding er sendt. Den utmelde kommunen overtek då dei oppgåver som Friluftrådet har utført for kommunen. Dersom Friluftrådet eig frilufsområde i ein kommune som trer ut av Friluftrådet, skal eigedomen overførast til vedkomande kommune. Ut over dette har ikkje kommunar som trer ut av Friluftrådet, krav på eigedomar eller verdiar.

Vedtak om oppløysing av Friluftrådet kan berre gjerast på ordinært Årsmøte, og krev 2/3 fleirtal mellom dei frammøtte med stemmerett. Ved oppløysing av Friluftrådet vert eignelutar / eigedomar som Friluftrådet eig, overført til vedkomande kommune, og alle oppgåver vert overtatt av deltakarkommunane kvar for seg. Friluftrådet sine netto likvide midlar vert fordelt mellom medlemskommunane i samsvar med fordelingsnøkkel for årleg driftstilskot.

§ 11 VOLDGIFT

Dersom det oppstår tvist mellom dei deltakande kommunar om forståinga av desse vedtektene, skal tvisten avgjerast ved voldgift i tråd med tvistemålslova.